



Jan Ivar Johannessen
Sandvikavegen 156
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/10546 - 21/85685

Saksbehandlar:
Øystein Hafnor Kolstad
oystein.hafnor.kolstad@alver.kommune.
no

Dato:
16.12.2021

Landbrukssak GBNR 203/1 Fyllingen - Varsel om kontroll av søknad om produksjons- og avløysartilskot 2021

Alver kommune v/landbrukskontoret visar til føretaket sin søknad om produksjons -og avløysartilskot i jordbruket i mars og oktober 2021.

I følgje § 10 i Forskrift om produksjonstilskot, skal kommunen kontrollere at utbetaling av produksjonstilskot til aktuelle føretak er korrekt. Føremålet er å sikre at opplysingane i søknaden dannar rett grunnlag for utrekning av tilskot, og at tilskotet vert nytta til aktiv jordbruksproduksjon.

Rundskriv 2021-6 punkt 5, seier at minst 10 % av søkjarane i kommunen skal kontrollerast kvart år.

Forvaltningslova § 15, gjev reglar for korleis kontrollen skal gjennomførast, og vi melder med dette at føretaket ditt er valt ut til kontroll etter gjeldande søknadsomgang.

Føretaket ditt er trekt ut då føretaket har søkt om bevaringsverdig sauerase.

Bevaringsverdige rasar av sau; Det føl av forskrift om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket at det kan gjevast tilskot for sau som er registrert med låst rasekode i Sauekontrollen på teljedato 1. oktober. Det føl av jordbruksavtalen at det vert gjeve tilskot for sau fødd året før eller tidlegare. Rasane blæsa, dala, fuglestadbrogete, grå trønder, rygja og steigar er rekna for å vera bevaringsverdige.

Kontrollen skal gjennomførast som dokumentkontroll. Då bed me om at de sender inn kopi av naudsynte dokument til kommunen for kontroll.

Dokument som kan godkjennast er utskrift frå sauekontrollen med låst rasekode 01.10.2021.

Kontrollen vil omhandla:

- Dokumentasjon på sau av bevaringsverdig rase med låst rasekode i sauekontrollen per 1.10.2021

Bed om at naudsynt dokumentasjon vert sendt til Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug eller på e-post til post@alver.kommune.no innan torsdag 30 . Desember 2021 .
Merk dokumentasjon med gards og bruksnummer samt namn på føretaket.

De har rett til å klage over avgjerda om å gjennomføre kontroll av føretaket sin søknad. Klagen kan vere munnleg eller skriftleg, men må fremjast straks, og seinast innan tre dagar frå de mottar varslinga. Det vert sett vekk frå helgedagar.

Ved spørsmål til kontrollen, kan de kontakte underteikna eller dei andre på landbrukskontoret.

Med helsing

Øystein H. Kolstad
Rådgjevar Landbruk
56 37 50 00
oystein.hafnor.kolstad@alver.kommune.no

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Jan Ivar Johannessen

Sandvikavegen 156

5915

HJELMÅS